

Frå: Steffen Rossland <steffross@hotmail.com>
Send: fredag 10. juni 2022 12:05
Til: Siril Therese Sylta
Kopi: Kjartan Medaas
Emne: Saksnr. 22/1752 - Dispensasjonssøknad gnr./bnr. 348/1

Til
Tenesteleiar arealforvaltning, Siril Therese Sylta

Viser til pågåande delingssak/dispensasjonssøknad, Alver Kommune.
Saksnr: 22/1752. Gnr./bnr. 348/1 på Skurtveit.

Saka blei sendt til uttale 08.04.2022 med fire vekers uttalefrist. Svar frå Statsforvaltaren kom 06.05.2022. Ni veker etter saka blei sendt til uttale har eg enno ikkje mottatt uttale/vedtak frå Landbrukskontoret. Etter 08.04.2022 har eg heller ikkje mottatt noko skriftleg informasjon frå kommunen.

Eg kontakta saksbehandlar, Kjartan Medaas, 31.05.2022 pr. telefon for å høyre om status i saka. Eg fekk då opplyst at saka vidare skulle behandlast i Utval for areal, plan og miljø. Grunnen til dette var at kommunen administrativt ville innstille positivt på søknaden. Eg fekk og opplyst at saksbehandlar saman med leiar for landbrukskontoret hadde vore på synfaring i samband med saka. Det var ukjent for meg at denne synfaringa var gjennomført.

Dagen etter, 01.06.2022, blei eg kontakt av saksbehandlar. Han opplyste då at han hadde snakka med andre og at saka ville komme til behandling allereie neste utvalsmøte, 15.06.2022.

Då saka ikkje var ført opp på innkallinga/sakslista til utvalsmøtet, tok eg kontakt med saksbehandlar på nytt 09.06.2022. Saksbehandlar opplyste då at saka ikkje blei med i utvalsmøte likevel.

Dette opplevde eg som svært utventa og nærmast uforståeleg, slik eg hadde blitt informert om prosessen. Vidare opplyste saksbehandlar at han hadde innstilt positivt på søknaden, men at avdelingsleiar/tenesteleiar var usamd med saksbehandlar og hadde avvist innstillinga.

Mi forståing av saka var at dispensasjonssøknaden var ferdig behandla administrativt, men måtte til politisk behandling i Utvalg for areal, plan og miljø før endelig vedtak.

Eg ber derfor om følgjande i samband med saka:

- Innsyn i saksbehandlaren si innstilling til avdelingsleiar/tenesteleiar.

- Grunngevinga for kvifor avdelingsleiar/tenesteleiar ikkje har akseptert saksbehandlar si innstilling.

- I samtale pr. telefon med leiar for landbrukskontoret, Laila Bjørge, 09.06.2022, får eg opplyst at landbrukskontoret enno ikkje har kome med endeleg uttale eller vedtak i saka. Blant anna grunna stor sakspågang. Eg opplever og at leiar for landbrukskontoret ønskjer å avvente på innstilling frå saksbehandlar på plan og byggesak før landbrukskontoret tek endelig avgjerd. Då saka blei sendt til uttale fremkom det at saka måtte behandlast etter jordlova før den kan behandlast etter plan og bygningslova.

Det er vel slik å forstå at vedtak etter jordlova skal kome først og grunnjevast etter jordloven, og ikkje etter vurderinger eller avgjørrelser gjort med bakgrunn i plan- og bygningslova?

- I kva grad har mangel på uttale/vedtak frå landbrukskontoret hatt betydning for utfallet i denne saka?

- Eg ønskjer skriftlege svar på spørsmåla mine, men ønskjer og eit møte med dei som har vore involvert i saksbehandlinga for å få ei nærmare forklaring på prosessen som har vore.

Mvh.

Steffen Rosslund
993 99 229